

# **Er Bergen redd for å forplikte seg?**

**Frå forslag til høyringsfråsegn til Utviklingsplan for Vestland 2024–2028**

I omtalen av Regional plan for areal og mobilitet er det ein tekst som blir forstått som målskildring for det kommande planarbeidet, som Bergen kommune ikkje kjenner igjen frå mål og strategiar i tidlegare dokument:

*Vestland skal bevege seg mot eit energi- og arealeffektivt lågutsleppssamfunn. Vi skal stoppe og reversere naturtap og sikre naturressursar, landskap og kulturmiljø for framtida. Vi skal ha eit trygt, effektivt og framtdsretta transportsystem, som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet i bygd og by. Areal er ein knapp ressurs, og effektiv planlegging av samfunna våre blir viktig for å ta vare på kvalitetane vi har i dag og sikre oss for framtida.*

## **Er Bergen redd for ordet «skal»?**

**Frå byrådet sine kommentarer:**

*Målformuleringane går langt i å sette rammer for det kommande planarbeidet, men det er uklart kva konsekvensane av dette er for Bergen kommune sine parallelle prosessane med eksempelvis kommuneplanens samfunns- og arealdel. Blir føringane gjeldande ved vedtak av utviklingsplanen som no er på høyring?*

*Det er positivt at fylkeskommunen er tydeleg når det gjeld prioritering av planarbeid i perioden, men det er noko uklart kva som vil vera gjeldande føringar for vidare forvaltning og utvikling innanfor områda by- og stadutvikling, areal, samferdsle, kollektiv, klima og miljø.*

**Men er det verkeleg «uklart» kva Vestland fylke meiner? – Eller er det berre Bergen som ønskjer meir uforpliktande formuleringar?**

**Besteforeldra meiner: Ta vare på ubebygd areal og natur for framtidige generasjonar!**

